

**Framstegspartiet i Kvinnherad var godt representert på landsmøtet på Gardermoen i helga.**

Kvinnherad var representert med Elisabeth Eide Tharaldsen, Eskil Moen og Ole Torbjørn Holmedal . I tillegg var utvandra kvinnhering, Ole Johan Lakselv til stades, som utsending for Østfold Frp.

Landsmøtet vart ein god politisk verkstad, der mange viktige saker vart drøfta. Partiet kom til dømes med ei klar oppmoding om å styrkja innsatsen for ei rask realisering av ferjefri kystamveg, samt starta konsekvensutgreiing for oljeboring utanfor Lofoten. Samanslåing av kommunar for å effektivisera offentleg sektor vart òg drøfta, like eins nei til bompengar, og ikkje minst viktige ting som statleg finansiering av eldreomsorg og rettferdig regulering av pensjonar.

På landsmøtet vart Ketil Solvik Olsen, som skulle vera godt kjend for kvinnheringane, vald til ny nestleiar.

Ole Torbjørn Holmedal hadde ordet i den politiske debatten og snakka om den store veksten i offentleg sektor, som dei siste 40 åra har auka med om lag 35 nye tilsette – kvar dag.  
– Dette gjer at vi i dag har ein alt for tung offentleg sektor, sa Holmedal blant anna.

Sterk nedsetjing av skattar, avgifter og offentlege inngrep, er framleis viktig politikk for Framstegspartiet, 40 år etter at Anders Lange stifta partiet på nettopp det grunnlaget.

***Kvinnherad Frp***